

BACHELOROPPGÅVE

«Gutar og jenter og lesing -
Er det forskjell på lesevanene til gutar og jenter?»

«Gender differences in reading habits -
Are there any differences between boys and girls?»

Kandidatnummer: 107

GUPEL412

Teikn med mellomrom: 49 665

Høgskulen på Vestlandet, avd. Bergen

03.06.19

Abstract

Reading is something most of us do every day. Being able to read is an important skill to work in a modern society. Reading is a basic skill, therefore it is important to focus on this skill in school. In school there has been a focus on the reading skills of young people especially in the last decade through studies such as e.g. PISA and PIRLS. These studies show that the reading abilities of Norwegian youth are not at the expected level, and that there is a big difference between boys and girls. These studies show that girls have a more positive attitude towards reading, they are reading more, and they are also better readers compared to boys. This forms the basis of the following research question: «*Gender differences in reading habits - are there any differences between boys and girls?*»

The purpose of this bachelor thesis is to compare previous empirical studies with my own studies. This task is about the relationship boys and girls have towards reading, and about their reading habits. The surveys are based on a quantitative method, where I have used a questionnaire with several questions about the reading habits of each pupil. 65 students in 10th grade participated in the study.

The questionnaire that the pupils answered contained various questions about these categories: which media the pupils prefer, reading volume, genre, online reading and audiobook. The result of this study shows that there is a big difference between the reading habits of boys and girls. This study is supported by previous empirical studies, and it is therefore possible to say that there are clear differences in the reading habits of the two genders. The girls stand out as the most active readers, and are more positive towards reading compared to boys.

Innholdsliste

1.0 Innleiing	4
1.1 Problemstilling.....	4
1.2 Oppgåvas struktur.....	4
2.0 Teori	6
2.1 Lesing som grunnleggjande ferdighet i skulen.....	6
2.2 Motivasjon til lesing	7
2.3 Skulen sitt ansvar i leseopplæringa	9
2.4 Kjønnsforskjellar og lesing.....	10
2.5 Kva les gutar og jenter?.....	11
2.6 Lesing på fritida.....	12
3.0 Metode	13
3.1 Kvantitativ metode	13
3.2 Spørjeundersøking	13
3.3 Spørjeskjema	14
3.4 Gjennomføring.....	14
3.5 Etske omsyn.....	15
3.6 Reliabilitet og validitet	15
4.0 Resultat	17
4.1 Kva medium føretrekker elevane?.....	17
4.2 Lesemengd.....	19
4.3 Sjanger.....	20
4.4 Lesing på nett.....	23
4.5 Lydbok.....	24
5.0 Konklusjon	26
6.0 Litteraturliste	28
7.0 Vedlegg	30
7.1 Skriv til føresette (vedlegg 1).....	30
7.2 Spørjeskjema (vedlegg 2).....	31

1.0 Innleiing

Lesing er noko som vi alle gjer kvar einaste dag. Å kunne lese er essensielt for å fungere i det moderne samfunn. Lesing er ein grunnleggjande ferdigheit, difor er det viktig å ha fokus på denne ferdigheita i skulen. Lesing er noko som vi gjer for å tolke informasjon, og vi nyttar oss av lesing til blant anna underhaldning, kommunikasjon, finne praktiske opplysingar og tileigne oss kunnskap. Med tanke på viktigheita av å kunne lese, er dette noko som er svært relevant og interessant i høve mitt framtidige yrke som norsklærer. Ifølgje Kunnskapsløftet skal lesing vere ein naturleg del i alle fag, og det har vore fokus på leseferdigheitene til ungdommar særleg det siste tiåret gjennom studiar som t.d. PISA og PIRLS. Slike studiar viser at leseferdigheitene til norske ungdommar ikkje er på det nivået som er forventa. Det blir også vist til at det er store ulikskapar mellom kjønna. Det er ein klar forskjell i både nivå og lesevaner, i jentene sin favør. Jentene les meir og beitre, ifølgje studiane.

1.1 Problemstilling

På bakgrunn av dette vil eg finne ut meir om elevar sine lesevaner. Er det forskjellar på kva dei les, og tida dei brukar på å lese på skulen og fritida. Målet med denne oppgåva blir å undersøkje om det er forskjellar mellom lesevanene til jenter og gutar. Eit delmål blir å finne ut om tidlegare empiriske studiar om leseferdigheiter og lesevaner til kjønna stemmer overeins med mine egne undersøkingar.

Problemstillinga lyder som følgjer: **«Gutar og jenter og lesing - Er det forskjell på lesevanene til gutar og jenter?»**

1.2 Oppgåvas struktur

Oppgåva er strukturert slik at eg først tek føre meg studias teoretiske rammeverk. Eg vil leggje fram relevant teori, og gå i djupna på det mest essensielle med tanke på problemstillinga. Først vil eg leggje fram teori om lesing som grunnleggjande ferdigheit i skulen, og kva det inneber. Deretter vil det bli vist til teori om motivasjon i høve til lesing, og skulen sitt ansvar i leseopplæringa. Vidare vil eg gå inn på kva tidlegare studiar seier om kjønnsforskjellar og leseferdigheiter, i tillegg til lesevaner. Til slutt tar for meg lesing i fritida på teoridelen.

Vidare kjem vi til metodedelen der eg ville leggje fram om min valde metode for å kunne svare på problemstillinga. Grunngeving av metode vil bli forklart, og korleis dette gjekk føre seg. Ei utdjuping av den valde metodiske teknikken blir beskrive i denne delen. Her vil det også forklarast kvifor eg valde denne metoden, korleis studien vart gjennomført, i tillegg til realibilitet og validitet, og etiske omsyn som måtte takast omsyn til i forskingsprosessen.

Til slutt vil eg leggje fram funna mine i delen om resultat og drøfting. Med utgangspunkt i dei teoretiske avklaringane vil eg drøfte og reflektere kring resultata. Desse vil bli tolkast i høve tidlegare studiar. I konklusjonen vil det bli lagt fram kva eg har kome fram til, og gjere ein refleksjon kring denne studien som eg kan ta med meg vidare som framtidig lærar.

2.0 Teori

2.1 Lesing som grunnleggjande ferdighet i skulen

Lesing som grunnleggjande ferdighet kan definerast som innhenting av meining og innhald ut frå tekst. I dagens samfunn blir lesing rekna som ei grunnleggande eigenskap for å fungere i det daglege liv, og gjennom utdanning og arbeid. Blant dei viktigaste føresetnadane i leseprosessen kan ein i hovudsak nemne avkoding og leseforståing. Begge desse føresetnadane må vere oppfylt for at lesaren skal kunne hente ut informasjon frå teksten som blir lesen (Roe, 2010).

Dei viktigaste punkta i leseprosessen er språk, kognitive ferdigheter og visuelle prosessar. Lesing er ein svært komplisert prosess, der blant anna desse komponentane må verke saman for å gje eit meningsinnhald. Som nemnt lyt avkoding og forståing liggje til grunn, og lesaren må vere klar på begge to og ha evna til å regulere desse uavhengig av kvarandre. Det er mogleg å avkode ord og setningar henta frå ein tekst på eit framand språk utan å skjøne meningsinnhaldet. Men derimot evner ein ikkje å tolke innhaldet utan å først avkode teksten. Både avkoding og forståing må vere til stades for at ein leseprosess skal oppstå (Lyster, 2011, s. 36-38).

Ei god forståing av alfabetet og samanhenga mellom bokstavar og fonem i tale er vesentleg i prosessen om avkoding. Sjølve tydinga til avkoding er å kunne omdanne og setje saman grafiske teikn til ord. Avkoding vil i leseopplæringa gå frå fonologisk lesing over til ortografisk avkoding. Med andre ord frå at eleven lyderar seg gjennom kvart enkelt ord, og over til at eleven klarer å memorere orda utan lydering (Lyster, 2011, s. 36-38). Opplæringa gjennom å takle avkoding hengjer tett saman med forståinga av samanhengen mellom lydar og bokstavar. Gode ferdigheter innan avkoding gjev ofte presis og rask lesing, som vidare gjev ein fin leseflyt. Fleire vil sjå på forståing som sjølve hovudmålet med lesinga. Samstundes vil mange hevde at denne evna til å hente ut eit meningsinnhald frå ein tekst, er det som skil gode lesarar frå dårlege lesarar (Lyster, 2011, s. 36-38).

I den norske skulen blir lesing omtala som ei av dei fem grunnleggjande ferdighetane i Kunnskapsløftet. Kunnskapsløftet fortel at lesing skal integrerast som ein sentral del av opplæringa i alle fag, noko som vil seie at det skal vere eit tverrfagleg fokus på å gje elevane lesekompetanse. I praksis vil dette variere frå fag til fag. I eit normalt sett praktisk fag som kroppsøving med mindre teori, vil elevane kunne innhente og tyde informasjon til dømes om reglar i ein sport, medan i eit fag som t.d. KRLE der ein mellom anna kan lese og bruke

forskjellige kjelder til å arbeide med eit bestemt emne. Det er naturlegvis norskfaget som har det særskilde ansvaret for å gje god lesekompetanse til elevane. Dei resterande faga blir oftare nytta som hjelp til å vidareføre, og til å få nok mengdetrening innan lesing. Sidan mengdetrening er essensielt for å bli ein god lesar, er dei andre faga også til god hjelp for eleven med tanke på å beitre leseferdighetene (Kunnskapsdepartementet, 2019).

God lesekompetanse er ei viktig eigenskap for å kunne gje dei komande generasjonane moglegheita til å delta i eit endå meir komplekst og avansert arbeids- og samfunnsliv, ifølgje Kunnskapsløftet. Vi møter alle tekst både i fritida, og i arbeidslivet dagleg. Lesekompetansen har ei stor betydning for kor godt ein kan nytte seg av praktisk informasjon, samt skriftleg og digital informasjon, og underhaldning i kvardagen. I dag er det også stadig viktigare i yrker som blir sett på som praktiske, at arbeidarane har god lesekompetanse. Særleg i forbindelse med skriftleg informasjon frå mellom anna arbeidsgjevar, firma, stat og kommune. Så dette medfører eit ansvar for både foreldre og lærarar til å motivere, rettleie og gjere leseferdighetene blant born og unge så gode som moglege (Kunnskapsdepartementet, 2019).

2.2 Motivasjon til lesing

Eit born med iver og lyst til å lese vil sjølvsagt lese større mengder av tekst enn eit born utan tilstrekkeleg motivasjon for lesinga. Difor er det svært viktig å leggje til rette for interesse for lesing til dei unge uansett litteratur. Om det er gjennom skjønnlitteratur, faktabøker, dataspel, aviser eller på internett. Det viktigaste for at borna byggjer god lesekompetanse, er at dei får nok lesemengd. Og det er difor viktig at lesestoffet stemmer overeins med borna sine interesser. Ved lesing av skjønnlitteratur ser vi ein tydeleg samanheng med gode leseferdigheiter (Lie et al., 2001, s. 136).

Viktigheita mellom gutar og motivasjon innan lesing kan visast til gjennom eit funn frå ein PISA-test. I denne testen gjer gutane det beitre enn jentene på ein refleksjonsoppgåve. I oppgåva vart det brukt ein lang samanhengande tekst, der det ofte er jenter som presterar beitre, men i dette døme handla tekstutdraget om krigføring, noko som sannsynlegvis kan ha vekt interessa og oppmerksamheita til gutane, og difor gjorde det enklare for dei å reflektere og svare godt på refleksjonsoppgåva. Dette er noko som støtter opp om meiningar om at forkunnskapar og interesse har ei betydning for leseforståinga (Roe, 2008, s. 147).

Ei kartlegging av særleg gutar sine haldningar og motivasjon til lesing kan vere nødvendig for å slå fast årsaka for at gutar les betydeleg mindre enn jenter på fritida. Ein ser også ein forskjell på norske gutar og gutar frå andre nordiske land. Gutar frå Noreg har den aller lågaste leselysta i Norden, ifølgje PISA-målingar. Dette er eit dårleg utgangspunkt for å leggje til rette for god lesekompetanse. Heilt opp mot 50 % av gutar seier dei ikkje les på grunn av underhaldninga, medan tal på jenter er på omtrent 30 % (Roe, 2010, s. 98-100). Bruken av skjønnlitteratur med jenter er vesentleg større enn med gutar. Gutane brukar meir tid på dataspel og får delar av lesekompetansen sin gjennom bruk av multimodale tekster. Men gjennom bruken av skjønnlitteratur med jentene, som blir rekna for å vere den beste måten å utvikle lesekompetanse på, får dei ein fordel knytt til lesinga (Lie et al., s. 136).

Grunnen til at skjønnlitterære tekstar blir sett på som dei beste tekstane til å utvikle lesekompetansen på er fordi dei krev meir av lesaren. Tekstane krev meir når det kjem til mengd, innhald, tolmod og innleving. Og alle desse faktorane bidreg til å utvikle ein langt betre lesekompetanse enn multimodale tekstar frå ulike dataspel (Roe, 2013, s. 24). Dette viser at haldninga til lesing er betre blant jentene, samstundes som dei både les meir på fritida og meir skjønnlitteratur enn gutane. Gutar sine dårligare haldningar til lesing har med eit stort sannsyn ein direkte samanheng med lesemengda deira. Dette er ein grunn til å slå fast at motivasjonen har ein stor samanheng med kompetansen til både gutar og jenter. Les ein noko som ein tykkjer er interessant og spanande, blir sjansen for ei god leseoppleving større (Lie et al., 2001, s. 23). Vi blir meir konsentrert og skjerpa når vi les, om vi har eit mål med lesinga vi føretek oss. Om vi les om eit emne som er viktig med tanke på t.d. karakterar, eller for å finne ei løysing på eit problem, så får vi ei drivkraft for lesinga og blir motiverte. Ein av dei mest avgjerande faktorane for utbyttet av lesinga er motivasjon.

Vi skil mellom indre- og ytre motivasjon. Indre motivasjon handla om at ein har ei interesse for ein aktivitet, medan ytre motivasjon handla meir om aktiviteten sin instrumentelle verdi (Manger et al., 2009, s. 280). Vi kan seie at om elev berre har ein ytre motivasjon for å lese, så har denne eleven i utgangspunktet ikkje så stor interesse for det. Då er det ikkje sjølve leseaktiviteten som ein blir motiverte av, det er andre forhold rundt. Ein elev som har ein ytre motivasjon for å lese, så kan denne eleven motiverast av t.d. gode karakterar, få kunnskap om emnet, eller av å få ros. Slike lesarar ser ofte på lesing som ein pålagt oppgåve, og er avhengig av ein ytre motivasjon for å kunne kome seg gjennom lesinga (Westlund, 2010, s. 26). Lesarar som er oppslukte av bøker, og som får ei glede av sjølve lesinga har ein indre motivasjon.

Slike lesarar søker kunnskap frå teksten dei les, og er villige til å anstrenge seg for å forstå det dei les (Westlund, 2010, s. 26).

Sjølv om det kan sjå ut som indre og ytre motivasjon er to ytterpunkt på ein skala vil ikkje det seie at dei ikkje kan overlapp. Ein elev med indre motivasjon for lesing, og som likar aktiviteten kan også motiverast av gode karakterar og ros frå lærarar og føresette. Denne eleven blir då motivert av både indre og ytre forhold. Vi kan seie at den eine typen motivasjon kan føre til den andre over tid (Manger et al., 2009, s. 280-281). Det er mogleg at ein ytre motivasjon over tid kan føre til at ein sit igjen med ein indre motivasjon. Dette kan skje til dømes ved at ein elev får skryt og gode resultat i skulen, og opplev at han fortset å lese på grunn av eiga interesse og lyst.

2.3 Skulen sitt ansvar i leseopplæringa

Lesing er som tidlegare nemnd, ei av dei fem grunnleggjande ferdigheitene i Kunnskapsløftet. Som ferdigheit er lesing som sagt særleg høgt verdsatt i samanheng med utdanning, jobb og samfunnsdeltaking. Og lesinga skal arbeidast med uansett trinn og fag. Difor har denne ferdigheita ein sentral plass i skulen (Kunnskapsdepartementet, 2019).

Betydninga til lesing har utvikla seg saman med samfunnet si kulturelle, sosiale og økonomiske utvikling. Forandringar i arbeidslivet og samfunnet generelt har gjort at krava til leseferdigheitene stadig blir høgare. Lesing er ei ferdigheit som krev kontinuerlig utvikling, og som ein forbetrar gjennom stadige utfordringar ved bruk av meir avanserte tekstar. Lærarar i alle fag skal vere «leselærarar». Sidan elevar les i alle fag blir det vanskeleg å snakke for at lesing er viktigare i eit fag, enn i eit anna. Likevel har leseopplæringa gjennom tida blitt sett på i skulesamanheng som norsklærarane sitt ansvar, medan lærarar i andre fag ser meir på det faglege innhaldet. Men ifølgje Kunnskapsløftet kan i dag ingen lærarar i prinsippet fråskrive seg ansvaret for leseopplæringa uavhengig av kva fag dei underviser i. At elevane forstår det dei skal lese i faget, er læraren sitt ansvar uavhengig om han er norsklærar (Kunnskapsdepartementet, 2019).

2.4 Kjønnforskjellar og lesing

Det er store forskjellar mellom gutar og jenter i høve til lesing. Gutar manglar motivasjon, leselyst og interesse, ifølgje rapportar. Samanlikna med jenter kjem det fram at gutar har både lågare lesehastigheit og dårlegare leseforståing (Roe, 2013, s. 25).

Gutar har eit stort behov for å kunne kjenne seg igjen, og identifisere seg med det dei les om, ifølgje Roe (2012, s. 125-127). Det er fleire forskjellige faktorar som er viktige for særleg gutar når dei skal lese. Innhald, tema, sjanger, setting og språk er ulike faktorar som spelar inn på korleis elevar oppfattar ein tekst. Dersom desse faktorane er til stades og passar for gutar i ein bestemt alder, så vil dei kunne prestere like bra, og til og med i enkelte høve endå betre enn jenter i lesing. Med gutar er det spesielt viktig å vekkje leselyst og motivasjon for ein tekst. Dette gjev store utslag på både lesehastighet, leselyst og leseforståing. Sjølv om det meste av forskning og statistikk tyder at gutar jamt over har lågare kompetanse innan lesing enn jenter, så er det ikkje sjølvstøtt at dette er høve i alle samanhengar. Det er mogleg at gutar kan stille strengare krav til det dei les, og interessa kan vere låg til å lese noko dei ikkje identifiserer seg med, medan dette er noko som jentene ikkje er like opptekne av. Dette vil seie at innan skjønnlitterære tekstar så skal helst hovudpersonen vere eldre eller innanfor same aldersgruppe som lesaren, med tanke på gutane si leselyst. Og handlinga, temaet og miljøet i teksten må vere av interesse, og vere interessant for dei. Her bør også språket, sjangeren og lengda stemme med eleven sine personlege preferansar. I denne samanhengen er jenter normalt sett meir allsidige. Dei er langt frå like nøye på om dei kan identifisere seg med teksten sitt innhald, og hovudpersonen som blir framstilt (Roe, 2012). Særleg blant gutar er det å kunne kjenne seg igjen i ein tekst eit behov som blir sterkare når eleven nærmar seg ungdomsskulealder. Ein ser ikkje nokre tydelege ulikskapar mellom gutar og jenter til dømes i 4. klasse på dette området, men når gutar kjem opp til pubertetsalder, så blir dette behovet betrakteleg auka for å markere sin kjønnsstilhøyrse. Gutar viser større forståing og lesehastigheit i denne alderen når teksten verkar identifiserbar (Roe, 2013, s. 16-17).

At ulikskapen i ferdigheitene mellom kjønna har røter utanfor skulesystemet kan vere noko dette tyder på. Her er det mogleg at ei forklaring kan liggje i kva borna les, og kor mykje dei les i oppveksten og på fritida. Forsking kan leggje fram ein samanheng mellom lesekompetanse og lesemengde (Roe, 2010). Til dømes ser ein også at ulikskapane mellom kjønna ikkje har forandra seg for elevar i til dømes 5. og 8. klasse frå 1991-2000, men det blir antydde at forskjellane mellom kjønna har auka for elevar på ungdomstrinna. Som då vil seie at utviklinga i negativ retning er tydelegast på ungdomsskulen. Studiar viser at gutane med tida

har fått dårligare leseferdigheiter, og at kjønnsforskjellane ikkje er såpass store på grunn av at jentene har blitt betre til å lese. Dette blir vist gjennom det aukande talet på gutar som er på det lågaste nivået i lesing i skulen (Roe, 2008, s. 146).

2.5 Kva les gutar og jenter?

Som ein del av PISA-undersøkinga svarte elevar på spørsmål om lesing og lesevaner. På denne måten får vi eit innblikk i elevar sine lesevaner også utanfor skulen. Både gutar og jenter svarar ifølgje denne undersøkinga at det er aviser dei les mest av på fritida. Tala her viser i midlertidig ikkje kor mykje tid dei brukar på å lese, men kor ofte dei les i løpet av ei veke. Her svara 45 % av jentene at dei les ulike aviser fleire gongar i veka, medan over 50 % av gutane svara det same (Roe, 2010, s. 106-107). Dette viser at avisa er ein viktig del av ungdomar sine lesevaner. Etter aviser er det vekeblad som er nest mest populært blant jentene, medan gutane sitt andreval er teikneseriar. Studien viser at skjønnlitteratur og faktabøker får lågast oppslutning blant gutane, medan jentene har ei nokon lunde jamn fordeling mellom teikneseriar, skjønnlitteratur og faktabøker (Roe, 2010, s. 106-107).

I PISA-undersøkinga blir elevar også spurde om lesevanene sine på nett, der dei lyt ta stilling til kor mykje dei driv med forskjellige leseaktivitetar på nettet. Den aktiviteten som skil seg desidert mest ut med begge kjønn, er chatting. 85-90 % av elevar svara at dei held på med denne leseaktiviteten fleire gongar i veka eller oftare. Her er det mest sannsynleg opp til fleire gongar for dag blant mange av deltakarane. Lesing av e-post, aviser, og bruk av oppslagsverk og ordbøker fekk også stor oppslutning. Den aktiviteten som fekk lågast oppslutning blant både jenter og gutar, var deltaking i diskusjonsforum (Roe, 2010, s. 113).

Totalt sett står lesing av aviser fram som den mest populære leseaktiviteten om vi tek med både papirutgåver og lesing på nettet. Den leseaktiviteten som skil seg ut som den mest hyppige er chatting, medan det er minst lesing av skjønnlitteratur og faktabøker, ifølgje studien. Totalt sett verkar det som at det er større leseaktivitet på nettet enn det er med ulike papirutgåver.

2.6 Lesing på fritida

Studiar viser til at det også er forskjellar mellom kjønna når det kjem til lesevanene på fritida. Dette gjelder haldningar til lesing i fritida, kva dei les, kor mykje dei les, samt lesevaner på nett. Over fleire år har ungdomar sine haldningar og lesevaner på fritida verte kartlagt, gjennom PISA-undersøkinga. Det er mykje som tyder på at gutar i norske skular er dei minst positive i høve til lesing i fritida, medan jenter er meir positive (Roe, 2010, s. 103). At dårlege haldningar til lesing fører til lite lesing, er det ingen tvil om. Nesten halvparten av gutar seier at dei ikkje leser fordi dei likar det, medan omtrent 1 av 3 jenter svara det same (Roe, 2010, s. 99).

Sjølv om det verkar som det er ein stor ulikskap mellom kjønna, er tala betre i høve gutar når det kjem til lesevaner på internett. Begge kjønn er aktive brukarar av leseaktivitetar på nett. Ifølgje ein tidlegare studie, så er gutar meir aktive i bruken av nettaviser (Roe, 2010, s. 113). Jenter bruker likevel mykje meir tid på lesing i fritida enn det gutar gjer, ifølgje PISA-undersøkinga, og dette gjeld spesielt innan skjønnlitteratur (Roe, 2012, s. 126). Jenter har, som nemnd, ei meir positiv haldning til lesing, og dette er med på å forklare at jentene ligg på eit høgare nivå i lesing. Dei er meir positive til lesing, og difor er det enklare for dei å setje seg ned og lese på fritida, noko som gjer at dei les meir variert og meir enn det motsette kjønn. På grunn av gutane sine dårlege haldningar til lesing, fører det til ei mindre lesemengd, som vidare bidreg til eit lågare nivå på lesinga. Vi kan sjå ei samanheng mellom ulikheitene til kjønna på lesevaner i fritida, og kjønnsforskjellane i høve lesekompetanse.

3.0 Metode

I forskingsarbeid er det vanleg å skilje mellom *kvalitative* og *kvantitative* metodar. Medan kvalitative metodar søker og går i djupna og vektlegg betydning, fokuserer kvantitative metodar på utbreiing og mengde (Thagaard, 2009, s. 17). I denne studien nyttar eg meg av ein kvantitativ metode, sidan eg ønskjer å gå nærare inn i elevar sine lesevaner i ein større skala.

3.1 Kvantitativ metode

I denne oppgåva blir det nytta ei kvantitativ tilnærming. På denne måten får eg fram meiningane til fleire elevar i 10. trinn, og opplysingar om deira lesevaner. Ved å få til ein oversikt ut frå funna mine ved ei kvantitativ spørjeundersøking har eg eit godt grunnlag for å uttale meg om lesevanene til ungdom.

3.2 Spørjeundersøking

For å nå ut til ei større elevmasse meina eg at eit strukturert spørjeskjema er eit godt alternativ. Ifølgje Postholm & Jacobsen (2011) kan eit strukturert spørjeskjema definerast som eit skjema med klare spørsmål der svaralternativa er faste. Dette er ein enkel og god måte for å få fram statistikkar til ei større elevmasse. På eit slikt spørjeskjema kan ikkje elevane svare på spørsmål med eigne ord, dei må krysse av på førehandsdefinerte kategoriar. Dette er ein metode som passar godt for å få fram resultat til mi forskning. Eg ville gjerne nå ut til ei relativ stor elevmasse, der eg kunne få inn ei større mengde data. Gjennom bruken av strukturert spørjeskjema vil eg få svar som ikkje inneheld for mange nyansar. Elevgruppa svarar på spørsmåla mine innanfor dei kategoriane eg har definert, og difor har dei ikkje noko moglegheit til å kome med eigne innspel som avviker frå det eg vil ha svar på. Dette kan også vere ei svakheit med denne metoden. Men sidan målet mitt ikkje var å få elevane sine synspunkt, men å kartleggje lesevanane deira, ser eg på dette som den beste metoden for mitt arbeid. Om eg ville få fram deira meiningar, kunne eg nytta meg av intervju, som ville gjett elevane ein betre måte å kome med utfyllande svar med eigne synspunkt. Men sidan mitt mål som sagt var å få kartlagt lesevanane deira slikt at eg kunne kategorisere svara og gjere dei om til tal som kan behandlast statistisk, er dette ein nyttig metode. Eit anna mål var også å nytte seg av desse resultata for å antyde tendensar. Eg var på leiting etter å kunne seie noko om det

generelle, det som gjeld for dei aller fleste. Difor vart eit strukturert spørjeskjema ein god metode for mitt problemområde, og mine undersøkingar.

3.3 Spørjeskjema

I spørjeskjemaet har eg prøvd å skape ein balanse mellom direkte spørsmål, og spørsmål som elevane lyt tenkje litt meir over. Dette vart gjort fordi dei deltakande elevane ikkje skulle bli for komfortable med å berre krysse av på enkle svaralternativ, men at dei også måtte tenkje seg om før dei svara. Spørjeskjemaet inneheld i starten ufarlege og relativt enkle spørsmål. Vidare kjem det spørsmål som deltakarande må tenkje meir på sine egne lesevaner før dei svarar. Svaralternative er laga slik at dei dekkjar alle relevante svar, samstundes som dei ikkje er overlappende. På nokre spørsmål har eg laga ein balanse mellom svara til begge sider for midtpunktet, frå aldri til ofte. Her går spørsmåla ut på kor ofte elevane gjer ein bestemt leseaktivitet, der dei kan svare på kor ivrige dei er med den bestemte leseaktiviteten. Døme på svaralternativ frå spørjeskjemaet:

aldri – sjeldan – nokre gongar i månaden – fleire gongar i veka – fleire gongar for dag

3.4 Gjennomføring

Til gjennomføringa av spørjeundersøkinga fekk eg god hjelp av tidlegare arbeidsplassar. Ved å nytte meg av to skular som eg kjenner godt frå før, fekk eg god hjelp og fekk gjort unna spørjeundersøkinga raskt. Eg byrja med å leggje fram planen på korleis dette skulle gå føre seg, og spurde om dette lat seg gjere. Sidan elevane som skulle delta i spørjeundersøkinga var under 16 år, så var det nødvendig med underskrift av føresette. Elevane fekk eit infoskriv der føresette skulle skrive under om dei fekk løyve til å delta (vedlegg 1). Her fekk dei kort frist med ein dag på seg. Dette vart bestemt i samråd med kontaktlærarar til klassane og rettleiar. På denne måten meinte vi alle at det var større sjanse for at elevane skulle hugse det.

Dette viste seg å stemme ganske bra, men på grunn av litt få underskrifter fekk elevane ein ekstra dag på seg. Til slutt kom 65 av 80 elevar med underskrift etter to dagar. Og spørjeundersøkinga vart gjennomført påfølgjande dag, etter at kontaktlærarane informerte elevane om spørjeundersøkinga.

I denne spørjeundersøkinga deltok 27 gutar og 38 jenter.

3.5 Ethiske omsyn

Ifølgje Christoffersen og Johannesen (2012) må ein som forskar ein take omsyn til forskingsetiske prinsipp som tek særskild vare på informantens rettigheter til sjølvbestemming og autonomi, og ein er plikta til å respektere informantens privatliv med ansvar om å unngå skade (Christoffersen og Johannesen, 2012, s. 41-42). Dei forskingsetiske retningslinene seier at deltakarar i studien skal kunne bestemme over si eiga deltaking, og skal uansett tidspunkt kunne trekkje seg utan grunngeving og form for ubehag eller negative konsekvensar. Deltakarane i ei slik spørjeundersøking skal utsetjast for minst mogleg belastning (Christoffersen og Johannesen, 2012, s. 43). Spørjeundersøkinga mi var anonym, men på grunn av at dei deltakande elevane var yngre enn 16 år var det nødvendig med underskrifter frå føresette. På skrivet som dei tok med heim, var der også informasjon om undersøkinga med student og rettleiarers namn (vedlegg 1). Ifølgje Christoffersen og Johannesen (2012) er personopplysingar opplysingar og vurderingar som gjer det mogleg å identifisere enkeltpersonar. Men dersom opplysningane er anonyme, altså at det ikkje er mogleg å identifisere enkeltpersonar, treng ein ikkje å melde om undersøkinga (Christoffersen og Johannesen, 2012, s. 43). Både personar og skulen vil i denne studien vere anonymisert.

3.6 Reliabilitet og validitet

I forskingsarbeid er omgrepa *reliabilitet* og *validitet* grunnleggande for å kontrollere kvaliteten på studien (Christoffersen og Johannesen, 2012, s. 23). Eit anna ord for reliabilitet er pålitelegheit, og inneber å kontrollere at målingar er korrekt utført og ikkje ber preg av tilfeldigheter (Thuren, 2009, s. 31). Med tanke på ei kvantitativ forskingsmetode som blir nytta i denne studia her, er det viktig med eit godt konstruert spørjeskjema og tilgang på ei stor nok elevmasse. Til betre spørjeskjemaet er, og dess større elevmasse ein har tilgang til vil reliabiliteten bli betre.

Ein annan måte å sjekke reliabilitet på er å foreta same undersøking på to ulike tidspunkt, eksempelvis fire veker etter kvarandre med fleire klassar delaktige. Om det er fleire forskarar som gjennomfører undersøkingar innan same feltet, vil resultata også bli meir valide. Dersom ein kjem fram til liknande resultat i undersøkingane, er det eit teikn på høg reliabilitet, og gjev ein peikepinn på at forskingsprosessen ikkje ber preg av tilfeldigheter (Christoffersen og Johannesen, 2012, s. 23).

Sentralt i arbeid med data er kor godt eller relevant det representerer resultatet. I forskingsarbeid nyttast det i denne samanhengen omgrepet validitet, som tyder gyldigheit (Christoffersen og Johannesen, 2012, s. 24). Validitet går ut på å kontrollere om undersøkinga er i samsvar med det ein i utgangspunktet vil undersøkje (Thuren, 2009, s. 32). I gjennomføringa av undersøkinga var den største faktoren som kan ha påverka realibiliteten den elevmassen som eg nytta meg av. I ein slik kvantitativ studie er det alltid betre dess fleire som deltek. I denne studia var det 65 elevar som svarte på spørjeundersøkinga. Dette er ei tilstrekkeleg nok mengde for at denne studien blir rekna som valid, sjølv om det berre hadde vore positivt med endå fleire deltakarar.

Validitet handlar om kor godt vi har dekning for våre tolkingar av funn og resultat. Og her skil vi gjerne mellom indre og ytre validitet. Indre validitet handlar om det å kunne seie noko om årsak og verknad, medan ytre validitet går på kor godt vi kan generalisere funna våre (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 126-128). Med eit godt gjennomarbeida spørjeskjema, samt med eit godt arbeid med analyse av svara, meina eg at det er dekning for å kunne seie noko om årsak og verknad. Då er den indre validiteten tatt hand om. Spørjeundersøkinga mi har eit relativt stort utval. Elevar frå fire ulike klassar i 10. trinn, med til saman 65 elevar som svara på spørjeskjemaet. Dette gje meg moglegheita til å sjå generelle tendensar ut i frå svara. I samanlikning med resultata mine og tidlegare empiriske studiar og teori, vil eg kunne trekkje trådar mot ei generalisering.

4.0 Resultat

Spørjeundersøkinga består av fleire ulike spørsmål rundt lesevaner blant elevar i 10.trinn. Det vil difor vere føremålstenleg å summere opp resultata om følgjande kategoriar: kva medium føretrekker elevane, lesemengd, sjanger, lesing på nett og lydbok. I tillegg til resultata i studien eg har gjennomført, vil eg leggje fram informasjon om emnet og drøfte svarresultata til elevane. I denne undersøkinga deltok 27 gutar og 38 jenter.

4.1 Kva medium føretrekker elevane?

Internettet og den raske utviklinga innan teknologien er med på å forandre måten vi les på, og kva vi les. I dag er det ikkje sjølvstøtt at vi les avisa i papirutgåve, og den uendelege tilgangen på informasjon frå ulike nettsider frå heile verda gjer at det i dag er lettare å følgje med på nyheitsbiletet enn nokon gang. Det er ikkje lenger slik at lesing er ein aktivitet som føregår berre gjennom papirutgåver av bøker og aviser. Den daglege lesinga føregår no på ulike medium der t.d. sosiale medium, nettaviser og bloggar er tilgjengelege overalt med PC, nettbrett og mobiltelefonar. I dag må vi også tenkje over at mykje av lesinga føregår på ulike tekniske innretningar. Ofte skil vi mellom bøker og andre papirutgåver som vi kallar for analoge medium, og digitale medium som t.d. PC, nettbrett og mobil. I spørjeundersøkinga var der spørsmål der elevane måtte ta stilling til kva type medium dei helst føretrekker å lese på/med.

Føretrekt medium for lesing (tal i prosent)	Gutar	Jenter	Gj.snitt
Bok, avis (andre papirutgåver)	11	16	13,5
PC	22	10	16
Nettbrett	11	0	5,5
Mobil	56	74	65

På grunn av at det var nokre fleire jenter enn gutar som deltok i undersøkinga, så har eg vald å nytte prosent som måleining ved fleire av høva, blant anna i bruken av føretrekt medium for lesing. Blant gutane skil to medium seg ut i forhold til jentene. Til saman svara 33 % av gutane at dei føretrekker å nytte PC eller nettbrett til lesing, medan tilsvarande 11 % svara det

same blant jentene der alle valde PC. Det er ingen tvil om at begge kjønn likar best å lese frå mobil. Heile 74 % av jentene meina at dei føretrekk mobilen som medium for lesing. Dette er særst høge tal, og dette kan ha med tilgjengelegheita som elevane har med mobilen. Folk flest, og særleg ungdomar går med mobilen i lomma eller handa heile dagen, og mange brukar den til mange gjeremål. På mobilen har ein tilgang til alle verdens nettsider, appar, og kamera, samt ein kan sende epostar og meldingar. Mobilen er på mange måtar som ei lita datamaskin. I spørjeundersøkinga la eg merke til at mange av jentene kommenterte på sida: «Snapchat». Dette kan vere ein av grunnane til at nesten 4 av 5 jenter merka av på mobil som føretrekt medium. Det kan verke som at jentene har eit nærare «forhold» til mobilen sin enn det gutane har. Der forskjellen var størst i favør gutane i føretrekte medium, var med bruken av PC. Dobbelt så mange gutar svara at dei føretrekk PC som medium i forhold til jenter. Grunnen til det kan vere at det er fleire gutar som nyttar PC til ulike dataspel.

Dataspel er svært populært blant unge i dagens samfunn, og det er blant dei største fritidsaktivitetane. Under sjølve spelinga vil ein også gjennomføre mykje lesing. Spelarane les medan dei spelar sjølve spelet, i tillegg til mykje om og rundt dei ulike spela. Spelarane tileigna seg informasjon om korleis spela funkjar, gjennom lesing av bruksretteleingar og anna informasjon på nettet. Ifølgje Medietilsynet (2018) svara heile 92 % av gutar på 16 år at dei spelar dataspel. Tala på jenter er tydeleg lågare, berre 46 % svara det same. Det har vore ein del fokus på at ungdomar, og særleg gutar, spelar for mykje dataspel. Overdriven speling kan gå utover blant anna andre fritidsaktivitetar og skuleprestasjonar, men det finnes også positive sider med dataspeling ifølgje studiar. Mange av ungdomane brukar mykje av tida på å lese under spelinga, og særleg engelsk. Ein studie som vart utført på elevar i 9. trinn i Sverige, viser at ungdommar som spelar dataspel i over fem timar i veka, blir betre i engelsk enn dei som ikkje spelar (Ung.no, 2019).

Samanhengen med at jenter liker best å bruke mobilen som medium for lesing, kan også vere at spela som jenter liker best spelast gjennom appar som er tilgjengeleg på mobil, medan gutane sine føretrekte spel har sin hovudplattform på PC. Ifølgje Medietilsynet (2018) er 4 av 5 spel som jentene liker best i 15-16 års alderen tilgjengelige som appar på mobil. Blant desse er «Minecraft», «The Sims», «Candy Crush», «1010!». Hos gutar er tala tilsvarande i forhold til PC som plattform. 4 av 5 spel er mest populære på PC: «Counter-Strike», «GTA», «Call of Duty» og «League of Legends» (Barn og medier, 2016, s. 40). Sidan dataspel er så populære blant ungdom i dag, ser eg ikkje bort frå at dette kan ha ei samheng med ulikskapen mellom kjønna i forhold til PC og mobil som føretrekt medium.

På bøker, aviser og eller andre papirutgåver som føretrekt medium for lesing var tala litt høgare blant jentene. Av dei resterande 26 % etter mobilen som føretrekt medium, svara 16 % av jentene at dei likar best papirutgåver. Gutane har generelt ei meir utbreidd meining om føretrekte medium for lesing. 11 % av gutane kryssa av på at dei likar best å lese i ulike papirutgåver.

4.2 Lesemengd

Ifølgje PISA-undersøkingar er det ei klar samanheng mellom kor mykje elevar les på fritida og lesenivået deira. Særleg elevar som ikkje les på fritida, klarar seg dårlegare på testane. Dei som svarar at dei les meir på fritida, gjer det klart betre på testane (Roe, 2010, s. 97). Svært mange forskarar som har lesing som felt, viser til at det er ei tydeleg samanheng mellom lesemengde og lesekompetanse. Om vi ser på desse meiningane i tillegg til PISA-resultata, kan vi seie at lesemengde og lesekompetanse ofte går hand i hand. Desse har ofte ei relevant samanheng. I spørjeundersøkinga mi spurde eg elevane om kor mykje tid dei brukar på lesing i fritida per dag. Sjølv om eg ikkje har sett på dette i samanheng med lesekompetanse, vil svara gje meg ein indikasjon på kor mykje av tida si elevar i 10. trinn nyttar til å lese.


Tid brukt til lesing i fritida per dag (tal i prosent)	Gutar	Jenter	Gj.snitt
Under 15 min	45	21	33
30 min – 1 time	22	21	21,5
1-2 timar	22	36	29
2-3 timar	11	11	11
3-4 timar	0	0	0
Over 4 timar	0	11	5,5

PISA-undersøking får fram at det er store ulikskapar mellom kjønna, og det er jentene som les mest (Roe & Vagle, 2010, s. 60). Undersøkinga mi viser også store forskjellar på kor mykje tid elevane nyttar til lesing på fritida. Det er tydeleg at jentene brukar ein større del av fritida si på leseaktivitetar. Heile 67 % av gutane svara at dei brukar mindre enn ein time på å lese per dag, medan tala er tilsvarende 42 % blant jentene. Det var heller ingen gutar som svarar at dei brukte over 3 timar på lesing per dag. Hos jentene svara heller ingen at dei brukte mellom 3-4 timar på lesing, men heile 11 % les over 4 timar kvar dag. Her er det klare tal på at det er jenter som er mest positive til å bruke fritida si til å lese. Dette kan ha ei samanheng med at jentene har ei meir positiv haldning til lesing, og i større grad likar betre å lese enn gutane (sjå kap. 2.2). Her kan vi sjå ein relevans med omgrepa indre- og ytre motivasjon. Det er vesentleg fleire jenter enn gutar som brukar meir enn ein time på lesing for dag. Dette kan tyde på at jenter har ein større indre motivasjon for å lese.


4.3 Sjanger

Vi har mange forskjellige sjangrar. Kva sjangrar ein likar heng saman med kva interesser ein har. Sjanger var ein del av spørjeundersøkinga der elevane fekk spørsmål om kva sjanger dei likar å lese. Elevane fekk moglegheita til å merke av på fleire sjangrar, sidan mange har vanskar med å velje ut berre ein favoritt. Gjennom eit slikt spørsmål med fleire svarmoglegheiter, vil eg få eit innblikk i kva dagens ungdom føretrekker å lese. I høve stolpediagramma i framlegginga av resultata mine er det relevant å hugse at det var nokre fleire jenter som deltok i studia, enn det var gutar (27 gutar, 38 jenter). På dette spørsmålet fekk elevane sjansen til å krysse av på fleire sjangrar. Interessant i denne samanheng er at jentene kryssa av på 3,6 sjangrar i snitt, medan gutane berre kryssa av på 2,1 i snitt. Dette stemmer overeins med at jentene ikkje er like kresne på kva dei les i forhold til gutane, som det også kjem fram i desse svarresultata.

Gutar



Jenter



Vi ser klare kjønnsforskjellar i høve føretrekt sjanger. Som vi ser ut i frå stolpediagramma er dei tre mest føretrekte sjangrane blant gutane nyheitsartiklar, faktabøker og teikneseriar. Hos jentene er det fire sjangrar som skil seg ut med flest kryss: fantasy/science fiction, blogg, nyheitsartiklar og krim. Den største skilnaden mellom kjønna med tanke på prosentpoeng, er blogg. Av 27 gutar var det berre 2 som merka av blogg som ein av sine føretrekte sjangrar, medan heile 22 av 38 jenter gjorde det same. Dette vil seie at berre 7 % av gutane, og heile 58 % av jentene har blogg blant ein av sine favorittlesnadar. Svært mange av dei aller største bloggane i landet er drivne av kvinner, der majoriteten av lesarane er jenter i ungdomsalder. 9 av 10 på topplista til Blogg.no er kvinner (Blogg.no, 2019). Svært mange av dei største bloggarane i landet er anten såkalla «rosabloggarar», eller tidlegare deltakarar av ulike reality-program, der dei skriv om eigne opplevingar gjennom si deltaking. Dette er noko som oftast fengjer jenter, og passar i større grad med deira interesser.

Noko som gutar er meir opptatte av medan dei les, er humoristiske tekstar (Torkildsen, 2008, s. 36). Teikneseriar er på tredjeplass hos gutane blant populære sjangrar, der 1 av 3 gutar har kryssa av på nemnde sjanger. Mange teikneseriar har ei humoristisk tone, og vil gje lesaren både ei spenning og humor gjennom lesinga. Difor vil nok mange gutar føretrekke ein slik sjanger, sidan det gjev dei det som dei er ute etter i ein totalpakke.

Fantasy/science fiction er den mest populære sjangeren blant jentene. Dei siste 15 åra har det føregått ei stor remediering av litteratur, særleg innanfor fantasy/science fiction. Remediering vil seie at ei forteljing frå t.d. ei bok blir atterskapa i eit anna medium, som t.d. film (Mangen, 2008, s. 42). Filmatiseringa av t.d. Harry Potter, Twilight, Hunger Games og Game of Thrones, har bidrege til å skape ei svært stor interesse for desse sjangrane, og det kan vere ein grunn til at fantasy/science fiction er så populært i mi undersøking, særleg blant jentene. Filmatiseringane kan vere ein grunn til at sjangeren ikkje fekk meir enn 7 kryss hos gutane. Gutar føretrekk multimodale tekstar som film, når det er eit val. Gjennom all oppmerksamheita som desse merkevarene får når filmane kjem ut, gjer at mange vel å lese bøkene i tillegg, der dei fleste som vel å lese bøkene etter å ha sett filmane kan vere jenter på grunn av at dei generelt sett likar betre å lese.

Nyheitsartiklar var ein klar favoritt hos gutane. Dette stemmer overeins med tidlegare studiar om interesseområda til gutar. Lesing av nyheitsartiklar har ein nytteverdi utover sjølve lesinga. Gjennom nyheiter kan dei få informasjon og kunnskap om saker lokalt, og i inn- og utland. Jentene hadde også ei relativt god oppslutning rundt same sjanger. Med 22 kryss, var nyheitsartiklar den tredje mest populære sjangeren. Ei samanheng med at denne fekk så

mange kryss totalt, kan vere at mange ungdommar får sine nyheiter på nett gjennom sosiale medium (Medietilsynet, 2018). Sosiale medium er noko som blir nytta fleire gongar kvar dag hos begge kjønn (sjå tabell 4.4).

Gutar likar betre litteratur som gjev dei spenning, humor og nytteverdi. Forsking viser at engasjement og nytta av det som gutar les, er avgjerande med tanke på innsatsen deira (Roe, 2011, s. 147). Dette gjer at gutane er meir kresne enn jentene i forhold til kva dei les. Jentene les fleire ulike sjangrar, og dei likar å bli utfordra meir i lesinga, som kan vere noko av grunnen til at sjangrane roman og krim er såpass mykje meir populære blant jentene. Desse to sjangrane fekk totalt 32 kryss av jentene, medan dei berre fekk 3 kryss av gutane. Dette er ein svært stor skilnad, sjølv om gutane var 11 færre deltakande i undersøkinga.

4.4 Lesing på nett

Internett er blitt ein del av dagleglivet til svært mange. Dei fleste nytta seg av internett kvar dag, anten i samanheng med arbeid eller på fritida. Ofte i begge høve. Blant ungdom er aktivitetsnivået på internett blitt svært høgt i nyare tid. Tidsbruken på internett går føre seg ved bruk av bl.a. spel, chatting og lesing. I mi spørjeundersøking fekk elevane spørsmål i høve til kva leseaktivitetar dei held på med på internett, og tidsbruken til den nemnde aktiviteten.

Tabell: Leseaktivitetar som gutar og jenter svarar at dei gjer fleire gongar kvar dag.

Leseaktivitetar fleire gongar for dag (tal i prosent)	Gutar	Jenter	Gj.snitt
Les blogg	4	26	15
Les digitale magasin (t.d. Aktiv Trening, Vogue, Friluftsliv, Cosmopolitan)	4	24	14
Les nettavis	34	26	30
Bruker ulike digitale oppslagsverk som t.d. Wikipedia.	21	15	18
Bruker sosiale medium (t.d. Facebook, Instagram, Twitter)	81	92	86,5

Undersøkinga viser at bruk av sosiale medium er den klart mest populære leseaktiviteten på nett. Blant jentene svara heile 92 % at dei nytta seg av sosiale medium fleire gongar kvar dag, medan gutane ligg 11 prosentpoeng lågare på 81 %. Dette samsvarar med PISA-undersøkinga som viser at chatting er den leseaktiviteten på nett som ungdommar oftast held på med (Roe, 2010, s. 112). Studiar viser at jenter bruker jamt over meir tid enn gutar på ulike sosiale medium (Bakken, Frøyland og Sletten, 2016, s. 73).

Vi ser også her at den største forskjellen mellom kjønna er blant lesing av blogg. Medan det berre er 4 % av gutar om svara at dei les blogg fleire gongar for dag, svara 1 av 4 jenter at dei gjer det same. Medan jentene er meir aktive lesarar av ulike bloggar, er gutane meir aktive brukarar av nettaviser. Ifølgje resultatane på undersøkinga mi er det 34 % av alle gutar som les nettaviser fleire gongar for dag, medan tala til jentene er tilsvarende 26 %. Dette stemmer overeins med tidlegare studiar som viser at gutane les for å hente ut informasjon frå teksten. Som vi ser på svarresultata om føretrekt sjanger, er nyheitsartiklar det klare førstevallet hos gutane (sjå kap. 4.3). Det kan verke naturleg at lesing av nettaviser er såpass mykje meir interessant for gutar enn jenter i forhold til andre sjangrar. I dag har vi svært mange ulike nettaviser, men felles for alle saman er at dei formidlar stort sett informasjonen på ein saklig måte. Nettaviser består av multimodale tekstar med tekst, bileter, film og lyd, der dei fleste tekstane er skrivne innanfor nyheitsartikkel-sjangeren. At ein så stor prosentdel av gutar føretrekker denne sjangeren, kan vere ein stor faktor for at det er fleire gutar enn jenter som les ulike nettaviser fleire gongar for dag.

4.5 Lydbok

Lydbøker kan vere eit bra hjelpemiddel for born og ungdom som treng hjelp med lesinga. Elevar som har fått ei sakkyndig vurdering der det blir bestemt at eleven har lese- og skrivevanskar, eller er synshemma, har rett på å låne lydbøker (Gjestesen & Lundetræ, 2016). Mange skular og bibliotek har eit godt utval på lydbøker, men det er mange som tykkjer det kan vere vanskeleg å kome i gong på grunn av tekniske utfordringar som kan følgje med lydbøker, og særleg i bruk av skulelydbøker. For å bruke skulelydbøker på ein god og funksjonell måte lyt elevane ha ein PC med eit eigna avspjelingsprogram (Gjestesen & Lundetræ, 2016). Eg har ikkje funne nokon tidlegare studiar på bruken av lydbøker blant ungdom. På bakgrunn av dette, og av at lydbøker både kan bli nytta i samanheng med skulen og som underhaldning i fritida, synes eg det kunne vere interessant å sjå om det var elevar som nyttar seg av lydbøker i undersøkinga mi. Og her var tala ganske klare.

Heile 78 % av gutane svara at dei aldri høyrer på lydbok, medan dei resterande 22 % svara at dei sjeldan høyrer på lydbok. Dette vil seie at alle gutane som deltok i undersøkinga høyrer aldri eller sjeldan på lydbøker. Svarresultata med jentene er litt meir positive i høve bruken av lydbøker. Her svara 10 % at dei gjer det nokre gongar i månaden, medan 37 % sjeldan, og 53 % svara aldri. Dette er tal som tyder på at lydbøker ikkje er særleg populært blant dagens ungdom. Dette kan ha ei samanheng med alle moglegheiter ungdomen har med tanke på bruk av anna teknologi. Dei som ikkje liker å lese bøker eller andre tekstar, eller har vanskar med å lese, kan hende heller ty til filmar og seriar på ulike medium der både lyd og bilete kan skape ein beitre underhaldningsverdi for ungdom.

5.0 Konklusjon

Lesevaner er noko som alle har på ein eller anna måte, både i skulen og utanfor skulen. Kva ein les, lesemengd og kvifor ein les er noko som variera frå elev til elev. Ein slik kvantitativ undersøking som dette, er ikkje optimal for å få fram heile breidda av individuelle ulikskapar om lesevaner blant kjønna. Ei nyansering av biletet blant kjønnsforskjellane, er derimot noko som den kan hjelpe til med. Gjennom denne undersøkinga har eg kartlagt lesevanene til 65 elevar i 10. trinn. Undersøkinga viser til at det er forskjellar mellom gutar og jenter sine lesevaner. Denne studia støttast av tidlegare empiriske undersøkingar, og det er difor mogleg å seie at det er klare ulikskapar i lesevanene til kjønna. Jentene skil seg ut som dei beste, og mest aktive lesarane.

I denne oppgåva har eg forsøkt å klargjere eit tema i norsk skule som lenge har blitt sett på som eit problem. Leseferdigheitene til elevar i den norske skulen ligg ikkje på eit forventet nivå. Dette gjeld særleg blant gutane, gjennom funn i PISA. I Noreg har vi eit stort fokus på tilpassa opplæring i skulen, og difor burde det vere sjølvstøtt at vi tek med i vurderinga at det er ulikskapar mellom kjønna. Vi skal ikkje førehandsdømme, eller setje elevar i bås basert på kjønn, men ein bør vere opne om at det kan vere reelle ulikskapar. På bakgrunn av undersøkingane om ulikskapane mellom gutar og jenter, og lesevanane deira, samt studie av tidlegare empiriske undersøkingar av emnet, har eg sett tydelege teikn på at det fortsatt er klare forskjellar mellom kjønna blant ungdommar som går siste trinnet på ungdomsskulen.

Gutar og jenter føretrekker ulik litteratur. Medan jentene likar best å lese fantasy/science fiction, blogg og nyheitsartiklar, føretrekker gutane klart meir sjangrane nyheitsartiklar, faktabøker og teikneseriar. Som tidlegare lagt fram i oppgåva, er det store forskjellar på enkelte sjangrar. Det er mykje som tydar på at gutane les på bakgrunn av eit nytteperspektiv, medan jentene ikkje legg like stor vekt på kva dei les. Dei har meir ein indre motivasjon for lesing, og likar å lese meir, og fleire ulike sjangrar. Dette er noko som også kjem fram i mi undersøking. Gutane føretrekker helst sakprosa, og dei har meir ei ytre motivasjonskjelde, samt mindre engasjement og leselyst enn jentene. Slike ulikskapar i lesevanene kan ha mykje å seie på lesekompetansen blant ungdommar. Som nemnd tidlegare, er lesemengd noko som har ei klar samanheng med leseferdigheitene. Dette kan bli eit problem for fleire gutar, sidan dei gjennomsnittleg har eit mindre engasjement og driv i høve lesing.

At gutar og jenter har forskjellige lesevaner på fritida, er noko som skulen bør vere klar over og bør nytte seg av i undervisninga. Norskfaget skal blant anna leggje til rette for

leseutvikling basert på elevane sine evner og føresetnader. På bakgrunn av dette må det vere positivt å ha kunnskap om lesevanene både i skulen, og på fritida. Med tanke på den viktigheita motivasjon og leselyst har for utviklinga av leseferdigheiter, burde kanskje skulen innføre meir lesing av det som elevane har interesser av? T.d. nyheitsartiklar, som er populært blant begge kjønn, kan bli brukt meir aktivt i undervisninga. I tillegg til sjølve lesetreninga, kan også ulike nyheitsartiklar bli nytta til å betre den tverrfaglige kompetansen til elevane. Bruk av sosiale medium på ein riktig og effektiv måte er også noko som kan vurderast med tanke på at oppunder 90 % av ungdom svara at dei nytta seg av det fleire gongar kvar einaste dag. På bakgrunn av at dei fleste sosiale medium blir nytta gjennom mobilbruk, som også er det mest føretrekte medium for lesing for begge kjønn, kan dette vere ein måte å få opp lesemengda og leselyst også i skulen. Dette er noko som skulen kan ta tak i for å sikre best mogleg undervisning der alle viktige sider i høve utvikling av leseferdigheiter, er tekne omsyn til. Kanskje dette kan ha noko føre seg i skulen i større grad enn det har i dag. Det er svært få som nyttar seg av lydbøker ifølgje undersøkinga mi, og bruken av lydbøker blant elevar som har lesevanskar er ifølgje studiar positive. Ei ordning som gjer det lettare for elevar å få tilgang på lydbøker, samt skulemaskiner med eit ferdig nedlasta program som er eigna for avspeling av lydbøker, kan vere hjelpande for elevar som treng ekstra hjelp i utviklinga av lesekompetansen.

6.0 Litteraturliste

- Bakken, A., Frøyland, L., A., Sletten, M., A. (2016). *Sosiale forskjeller i unges liv - Hva sier Ungdata-undersøkelsene?* Henta frå (23.05.19):
file:///C:/Users/andre_000/Downloads/Sosiale-forskjeller-i-unges-liv-NOVA-Rapport-3-2016-18-april-.pdf
- Barn og medier (2016). *9–16-åringers bruk og opplevelse av medier*. Henta frå (19.05.19):
<https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/barn-og-medier-undersokelser/barn-og-medier-2016-komprimert-ensidig.pdf>
- Blogg.no (2019). Henta frå (24.05.19): <https://www.blogg.no/>
- Christoffersen, L., Johannesen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: abstrakt forlag.
- Gjestsen, Å.K., Lundetræ, K. (2016). *Lesesenteret, Universitetet i Stavanger*. Henta frå (21.05.19): <https://lesesenteret.uis.no/article.php?articleID=80150&categoryID=13435>
- Kunnskapsdepartementet (2019). *Grunnleggende ferdigheter*. Henta frå (29.03.19):
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/lesing/god-leseopplaring--for-larere-pa-ungdomstrinnet/lesing-som-grunnleggende-ferdighet/>
- Lie, S., Kjærnsli, M., Roe, A., & Turmo, A. (2001). *Godt rustet for framtida? Norske 15 åringers kompetanse i lesing og realfag i et internasjonalt perspektiv*. Henta frå (29.03.19):
<https://www.uv.uio.no/ils/forskning/prosjekter/pisa/publikasjoner/publikasjoner/godt-rustet-for-framtida.pdf>
- Lyster, S. (2011). *Å lære å les og skrive*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Mangen, A. (2008). Nytt medielandskap, nytt tekstbegrep - og ny forståelse av emnet "Gutter og lesing". I T. H. (red.), *Gutter og lesing* (s. 40-45). Stavanger: Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning.
- Manger, T., Lillejord, S., Nordahl, T., & Helland, T. (2009). *Livet i skolen 1*. Bergen: Fagbokforlaget.

- Medietilsynet (2018). *Dataspill: Fortsatt store kjønnsforskjeller*. Henta frå (22.05.19): <https://www.medietilsynet.no/om/aktuelt-2018/dataspill-og-kjonnsforskjeller/>
- Medietilsynet (2018). *Sosiale medier er barn og unges viktigste nyhetskilde*. Henta frå (24.05.19): <https://www.ntbinfo.no/pressemelding/sosiale-medier-er-barn-og-unges-viktigste-nyhetskilde?publisherId=89456&releaseId=17144735>
- Postholm, M. B., & Jacobsen, D. I. (2011). *Læreren med forskerblikk*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Roe, A. (2008). *Lesedidaktikk - etter den første leseopplæringen*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Roe, A. (2010). Elevenes engasjement i lesing. I M. Kjærnsli, & A. Roe, *På rett spor. Norske elevers kompetanse i lesing, matematikk og naturfag i PISA 2009* (s. 94-117). Oslo: Universitetsforlaget.
- Roe, A., & Vagle, W. (2010). Resultater i lesing. I M. Kjærnsli, & A. R. (red), *På rett spor. Norske elevers kompetanse i lesing, matematikk og naturfag i PISA 2009* (s. 59-93). Oslo: Universitetsforlaget.
- Roe, A. (2011). *Lesedidaktikk - etter den første leseopplæringen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Roe, A. (2012). Ungdom og lesing - hva forteller nasjonale og internasjonale leseprøver? *Den andre leseopplæringa* (s. 104-129). Oslo: Universitetsforlaget.
- Roe, A. (2013). *Norske gutters resultater på nasjonale og internasjonale leseprøver*. I K. Kverndokken (Red.) *Gutter og lesing*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Thagaard, T. (2009). *Systematikk og innlevelse – En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Thuren, T. (2009). *Vitenskapsteori for nybegynnere*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Torkildsen, T. (2008). *Latter og leselyst*. I T. H. (red.), *Gutter og lesing* (s. 36-39). Stavanger: Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning.
- Ung.no (2019). *Å game gjer deg god i engelsk*. Henta frå (22.05.19): https://www.ung.no/spill/3977_nn_%C3%85_game_gjer_deg_god_i_engelsk.html
- Westlund, B. (2010). *Lese-forståelse*. Vollen: Tell forlag.

7.0 Vedlegg

7.1 Skriv til føresette (vedlegg 1)



Til føresette i 10. trinn.

Student ved Høgskulen på Vestlandet, Andreas E. Frøholm, ber om løyve til at elevar i 10.trinn får delta i ei anonym spørjeundersøking om lesevaner i høve bachelor-oppgåve. Undersøkinga inneheld mellom anna spørsmål om kor mykje, og kva elevane les på fritida, og tek 10-15 min å gjennomføre. Dette vil skje i morgon, torsdag 16.mai, i skuletida.

På grunn av lover om deltaking av elevar yngre enn 16 år er det nødvendig å spørje føresette om løyve, sjølv om undersøkinga er anonym.

Student: Andreas E. Frøholm, Høgskulen på Vestlandet avd. Bergen.

Rettleiar, HVL: Petter Haugereid.

Namn på elev:

_____ får løyve til å delta i spørjeundersøkinga.

Underskrift føresette:

7.2 Spørjeskjema (vedlegg 2)

Spørjeskjema om lesing og lesevaner 10.trinn

Set kryss:

Er du gut eller jente?	
Gut	<input type="checkbox"/>
Jente	<input type="checkbox"/>

Kva føretrekker du helst å lese på/med?	
Bok, avis (andre papirutgåver)	<input type="checkbox"/>
PC	<input type="checkbox"/>
Nettbrett	<input type="checkbox"/>
Mobil	<input type="checkbox"/>

Kor mykje tid bruker du på å lese i fritida per dag? (Inkludert bøker, teikneseriar, aviser, nettsider, blogg osv.)	
Under 15 min	<input type="checkbox"/>
30 min – 1 time	<input type="checkbox"/>
1-2 timar	<input type="checkbox"/>
2-3 timar	<input type="checkbox"/>
3-4 timar	<input type="checkbox"/>
Over 4 timar	<input type="checkbox"/>

Kva sjanger likar du å lese? (Du kan krysse av på fleire sjangrar)	
Faktabøker	<input type="checkbox"/>
Nyheitsartiklar	<input type="checkbox"/>
Biografar	<input type="checkbox"/>
Blogg	<input type="checkbox"/>
Teikneseriar	<input type="checkbox"/>
Fantasy/science fiction	<input type="checkbox"/>
Roman	<input type="checkbox"/>
Krim	<input type="checkbox"/>
Religiøse bøker	<input type="checkbox"/>

Kor ofte les du: (Dette gjeld berre i papirutgåve)	Aldri eller svært sjeldan	Nokre få gongar i året	Omtrent ein gong i månaden	Nokre gongar i veka	Kvar dag
Skjønnlitterære bøker	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Faktabøker	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Avis	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vekeblad	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Teikneseriar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Anna lesnad i papirutgåve	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Kor ofte held du på med desse leseaktivitetane på nett?	Aldri	Sjeldan	Nokre gongar i månaden	Fleire gongar i veka	Fleire gongar for dag
Les blogg					
Les digitale magasin (t.d. Aktiv Trening, Vogue, Friluftsliv, Cosmopolitan)					
Les nettavis					
Bruker ulike digitale oppslagsverk som t.d. Wikipedia.					
Bruker sosiale medium (t.d. Facebook, Instagram, Twitter)					

	Aldri	Sjeldan	Nokre gongar i månaden	Fleire gongar i veka	Kvar dag
Høyrer du på lydbok?					